

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 02.02.2007  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Ingvill Skogseth  
Saka gjeld: **Vurdering av behovet for ei vidareutdanning innan området akuttmedisin/prehospitalt arbeid**

**Styresak 003/07 O  
Administrerande direktør si orientering pkt. 4**

**Styremøte 14.02. 2007**

---

## Bakgrunn

I styremøte den 8. november 2006 blei det under eventuelt stilt følgjande spørsmål angåande høgskuleutdanning av ambulansepersonell:

*Høgskolane i Lillehammer, Trondheim og Tromsø har etablert eit studie med høgskuleutdanning av ambulansepersonell. Reidun Korsvoll ba om at styret fekk lagt fram ei vurdering av om det er mogleg å etablere ei tilsvarende utdanning i Haugesund.*

## Kommentarar

Forskrift om krav til akuttmedisinsk teneste utanfor sjukehus (2005) stiller som krav at minst eit (av to) ambulansepersonell innan ein overgangsperiode på fem år skal ha autorisasjon eller lisens som ambulansearbeidar.

Ambulansearbeiderutdanninga blei etablert i 1998 som ei fireårig utdanning på vidaregående opplæringsnivå som følgjer 2+2 modellen fram til fagprøve. Det vil sei at eleven først har 2 år i skule og så 2 år i bedrift som lærling før dei tar fagprøve og kan få autorisasjon som ambulansearbeidar.

Læreplanane for dette faget er for tida under revisjon, men verken utdanningsmyndighetene eller helsemyndighetene har planar om vesentlege endringar i dette faget. Vi legg såleis til grunn at ambulansefaget er kome for å bli og at mange helseføretak vil måtte legge vesentlege ressursar i å utdanne sitt ambulansepersonell. På landsbasis har i dag omkring 50 prosent av ambulansepersonellet denne utdanninga.

Det er tatt fleire initiativ, også som etablerte pilotprosjekt, for å etablere vidareutdanning for ambulansearbeidrar innan området akuttmedisin/prehospitalt arbeid (paramedic). Høgskulen i Lillehammer har utvikla ei "Nasjonal paramedic-utdanning" som gir 60 studiepoeng. Denne utdanninga er ikkje ei ny grunnutdanning, men ei vidareutdanning i ambulansefaget. Opptak krev autorisasjon som ambulansearbeidar og minimum 2 års erfaring. Dette studiet er også ope for sjukepleiarar, hjelpepleiarar, mfl med minimum 4 års erfaring.

Helse- og omsorgsdepartementet har fått fleire henvendingar både frå høgskular og helseføretak om behovet for vidareutdanning for ambulansearbeidarar innan akuttmedisin/prehospitalt arbeid.

Departementet har derfor bedt Sosial- og helsedirektoratet om ei vurdering av saka.

SH-dir ser det per i dag ikkje som aktuelt at ei nasjonal paramedicutdanning eller anna vidareutdanning innan akuttmedisin/prehospitalt arbeid skal gi grunnlag for autorisasjon verken på fagskule- eller høgskulenivå. Direktoratet legg til grunn at ei vidareutdanning på høgskulenivå er mest aktuell for personell som allereie har ei høgskuleutdanning. Fagskule er mest aktuelt for personell med yrkesutdanning frå vidaregåande skule.

Direktoratet har i denne samanheng sendt ein førespurnad til dei regionale helseføretaka kor det er bedt om ei brei vurdering av behovet for vidareutdanning innan området.

I brevet frå direktoratet er det bedt om ei vurdering av:

- Kva føresetnader må vera til stades for at ei slik vidareutdanning kan bidra positivt til rekruttering, ytterlegare faglighet og kvalitet i dei prehospitalte tenestene
- Behovet for formalisering av utdanninga
- Plassering av utdanninga i utdanningssystemet
- Behov for finansiering av utdanninga

Det er også bedt om ei oversikt over kor mykje helseføretaka brukar i dag til dette formålet og kva behov det er for ytterlegare finansiering.

Det er henta inn tilbakemelding frå helseføretaka våre som grunnlag for ei samla tilbakemelding frå Helse Vest.

Ut frå dei tilbakemeldingane som er gitt frå helseføretaka framstår det som viktig at ei vidareutdanning innan ambulansefaget blir ei felles nasjonal utdanning forankra i det offentlege utdanningssystemet. Det blir vist til at ei rekke andre land allereie har forankra denne utdanninga i høgskulesystemet. Det blir understreka at det er behov for å gjere ei meir heilskapleg vurdering av det totale utdanningsbehovet innan prehospital akuttmedisin. Dette er eit noko breiare utgangspunkt enn det SH-dir legg opp til i høyringa. Sosial- og helsedirektoratet vurderer å arrangere ein konferanse for nærmare drøfting av ulike alternativ. Helseføretaka vil bli invitert saman med utdanningsinstitusjonane og arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane.

Dei einskilde høgskulane kan elles sjølv ta initiativ til vidareutdaningar som blir etterspurt frå helseføretaka.

På denne bakgrunn synes det no ikkje riktig at Helse Vest RHF skal ta noko initiativ til ei slik utdanning ved Høgskulen i Haugesund.